

Me ser positivt på dei utfyllande føremåla som er teke med i Forslag til endringar i vedlegg I, men har nokre merknader til både nytt forslag og eksisterande føremål. Kommenterar til eksisterande føremål har me teke med då vår erfaring viser at nokre føremål er uklære på korleis dei er tenkt nytta og difor vert nytta feil/ulikt.

Nr 1 – Bygningar og anlegg	Utdjuping	Kommentar/Spørsmål
1165 Forsamlingslokale/religionsutøving <ul style="list-style-type: none"> • Vel/bydelshus (ligg i endringsforslaget) 		I PBL 1985 hadde ein <i>regform 177 Allmennyttig føremål (grendehus mv)</i> . Er det tenkt at grendehus som forsamlingslokale skal liggje under 1165 bør ein vidareføra ordet grendehus som del av utdjupinga på lik linje som bydelshus. Stiller spørsmålsteikn til om det er rett å leggje Forsamlingslokale/ religionsutøving under offentleg eller privat <u>tenesteyting</u> .
1550 Renovasjonsanlegg		Føremålet vert nytta i detaljreguleringsplanar til mindre oppstillingsplassar for bossdunkar langs veg (oppstillingsplass for bossdunkar på tømmedagen). Denne mindre type areal ser me som viktig å fastsetja i detaljplanar grunna mellom anna trafikktryggleik. Om det ikkje er tanken at 1550 skal nyttast som nemnd over bør det leggjast til under utdjuping at 1550 ikkje omfattar denne type mindre areal (sjå også kommentar under 2018 Anna veggrunn- teknisk anlegg)
1587 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag	<u>Utdjuping av føremål</u> <i>Det vil typisk være fellesbrygger med båtplasser for nærmere angitte brukere osv.</i>	Er det naudsynt å ha med felles i utdjuping av føremålet? Det førekjem regulering av brygge tenkt nytta til berre ein eigedom. Ser at i mangel på å finne ordet kai under byggje- og anleggsføremål, vert det ved utarbeiding av planar nytta kai (2041) under samferdsel og teknisk infrastruktur til mindre private og felles kaianlegg. Ser og at mindre moloar vert regulert ulikt. Foreslår at ein utvidar utdjuping under 1587 slik (eller noko liknade): <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det vil typisk være brygge/kai med båtplasser for nærmere angitte brukere osv.</i> • <i>Molo</i>

Nr 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
2010 Veg		Det går ikkje tydeleg fram kva tid det er tenkt at ein skal nytte 2010 veg kontra 2011 Køyreveg. Det verkar til å vera noko tilfeldig kva ein vel av desse føremåla ved regulering av veg. Dette bør spesifiserast nærare.
2011 Køyreveg		Det bør leggjast til under utdjuping av føremål køyreveg at arealet og kan omfatte busslommer. Ser utbreidd bruk av 2073 Kollektivhaldeplass, men og 2025 Haldeplass/plattform, for den del av vegarealet som er sjølve busslomma
2018 Anna veggrunn teknisk anlegg		Utdjuping bør supplerast med oppstillingsplass for bossdunkar på tømmedagen.
Nr 3 – Grøntstruktur	Utdjuping	Kommentar/Spørsmål
3001 grøntstruktur- 3050 park (kontra 1600 underføremål)		Me ser kode 3001 og 3050 vert mykje nytta til mindre grønne restareal innafor detaljplanar som konsulentane finn unaturleg å kalle uteoppghaldsareal eller anna uteoppghaldsareal (er ikkje område av type leikeplass, gårdsplass) Desse mindre tenkjer me bør kodast under byningar og anlegg – eit underføremål under 1600. Kanskje bør ein ta ut oppghald i kode 1690, evt. opprette ny kode under 1600 for å få rett koding på desse mindre grønt areala.
Generelt		
1900,2900,5900,6900		Det bør spesifiserast nærare i vegleiar korleis desse skal nyttast, med døme. Ser av det må får tilsendt at eks. 1900 får beskrivelse av føremål som alle ligg under bygningar og anlegg.